

Avsender: Kinn kommune
Postboks 294
6701 Måløy

Flora Industri- og Næringsforening
c/o Kinn Regnskap AS Magnus Thingnesgate 1
6905 FLORØ



002.492.37

Referat - Møte med Måløy Vekst og Flora Industri og Næringsforening



Vedlagte brev frå Kinn kommune er levert via SvarUt.



Referat : Dialogmøte om nye forskrifter for gebyr innan plan, byggesak, matrikkel og eigarseksjon

Tilstades :

Måløy Vekst v/Frank Willy Djuvik
Flora Industri og Næringsforening v/Thor Arne Ullaland
Kinn Kommune v/Øyvind Bang-Olsen

Dato og tid:

1. september, 1400-1500

Møte kom i stand for å orientere om arbeidet med å utarbeide nye forskrifter og få tilbakemelding. Måløy Vekst og Flora Industri og Næringsforening hadde fått tilsendt saka og forskriftene på førehand. Vedlagt presentasjon vart gått gjennom på møte av plansjef

Tilbakemeldingar :

- Regulativet i seg sjølv har vore lett forstått tidlegare, men viktig at satsane ikkje er for høge. Kostnader med utbygging i dag er høg.
- For utbyggjarane er forutsigbarhet det viktigaste, ikkje nødvendigvis pris på gebyr. Raske avklaringar kva som er mogeleg og få tilbakemeldingar frå kommunen slik at prosjeka ikkje stansar eller må omarbeidast er det viktigast.
- Dersom gebyr skal ha legitimitet må ein ha ei fornuftig nedtrapping for prosjekt med fleire hus/prosjekt. Prisen for ein bustad slik den er i dag er fornuftig, men ikkje for ein firmannsbustad. Stordriftsfordelen må kunne vise igjen i regulativet. Eit leilighetsbygg med 10 bustader må koste vesentleg mindre enn 10 enkelståande einbustader.
- Byggekostnader er høge i dag. Må justere gebyrregulativet for å legg inn makstak.
- Byggenæringa ynskjer å bruke lokal arbeidskraft til å setje opp hus, ikkje berre bestille ferdige element bustader. Prisane i dagens marknad kan gjer det vanskeleg å nytte lokal arbeidskraft
- Næringa legg vekt på at planavdelinga har tilstrekkeleg kapasitet til å betjene næringslivet. Stor forskjell på sakshandsamingstida før og no. I dag er sakshandsamingstida tilfredstillande.

Oppfølging :

- Nytt punkt i regulativet bør innarbeidast som set «tak» storleik på leilighetsbygg med fleire

Referent : Øyvind Bang-Olsen

Forskrifter gebyr

Bruk av standard
forskrift utarbeidd av
NKF (Norges
Kommunalteknisk
Forening)

Utfordringar

- Ei utfordring er at tiltakshavarar leverer frå seg søknader som ikkje er komplette eller gode nok.
- Søknader som er digitale eller elektronisk levert skal få eit lågare gebyr

Ny innretning - byggesak

- For byggesak er utgangspunktet at tiltakshavarane skal betale faste prisar per eining dersom ikkje noko anna er spesifisert i regulativet. Gebyra skal dekkje heile sakshandsamingsprosessen, frå mottakskontroll til vedtak, men også lovpålagde oppgaver som ikkje nødvendigvis gjeld den konkrete saka, slik som tilsyn og rettleiing.
- For tiltak med krav til ansvarleg føretak etter § 20-3 i pbl, jf. § 20-1 a og b er gebyret for sakshandsaming bygd opp på denne måten:
 - For bustadføremaal er talet på bueningar brukt som kostnadsdrivar, då ressursbruken til kommunen vil auke noko med talet bueningar. På ei anna side vil det ikkje vere eit lineært forhold mellom ressursbruken og talet bueningar. Det er naturleg å tenkje seg at det i prosjekt med mange bueningar vil vere fleire bueningar med likskapstrekk som vi gje stordriftsfordelar i sakshandsaminga. Av den grunn er det lagt inn ein makspris uavhengig av kor mange bueningar det blir søkt om. Ein betaler dermed den same prisen så lengje ein er på eller over maksprisen.
- For andre søknadsppliktige bygningar etter § 20-3 i pbl er det lagt opp til å betale gebyr per m² (BRA). Her er det lagt inn to ulike maksprisar, avhengig av kva tiltak det blir søkt om. Det vil til dømes vere vesentleg mindre arbeid å sakshandsame eit stort lagerbygg enn eit stort kontorbygg, og maksprisane har til føremål å fange opp denne forskjellen

	Kinn	Sunnfjord	Askøy	NKF
Plan (komplisert - over 5 da)	122 000	172 000	257 000	150 000
Byggesak	20 400	18 000	20 600	26 000
Leilighetsbygg - 25 leiligheter	174 940	200 000	290 250	266 000
Oppmåling	17 500	23 165	27 500	-